



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Møteprotokoll

Råd: Bryne sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova.
Dato: 22.04.2021
Tid: Kl. 18:30

Følgjane medlemmer møtte

Anne Brit Ree
Hans Tore Hetland
Inger Bakke Berge
Jarle Braut
Ola Undheim
Stein Ødegård
Steinar Espevik
Tove Hersdal
Rolf Heskestad

Rolle

Nestleiar
Medlem
Medlem
Medlem
Leiar
Medlem
Medlem
Medlem
Varamedlem

Forfall

Heidi Strand Harboe

Varamedlem

Rolf Heskestad

Andre som møtte:

Elisabeth S. Obrestad
Jostein Tollaksen

Sakliste**Sak nr.**

016/21

017/21

018/21

019/21

020/21

021/21

Sakstittel

Godkjenning av innkalling

Godkjenning av referat frå førre møte.

Meldingssaker

Evaluering av årsmøte 2021.

Innspeil til økonomiplanperioden 2022 - 2025.

Lokal ordning for hovudgudsteneste Bryne sokn.

016/21 Godkjenning av innkalling

Innkalling vert godkjent.

22.04.2021 Bryne sokneråd

BSR - 016/21 Vedtak:

Innkalling vert godkjent.

017/21 Godkjenning av referat frå førre møte.

Referat frå førre møte godkjent.

BSR - 017/21 Vedtak:

Referat frå førre møte godkjent med ein merknad, Elisabeth kallar inn komiteen Grøn kyrkjelyd til sitt 1. møte.

018/21 Meldingssaker

22.04.2021 Bryne sokneråd

BSR - 018/21 Vedtak:

Ingen saker er meldt.

019/21 Evaluering av årsmøte 2021.

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

22.04.2021 Bryne sokneråd

BSR - 019/21 Vedtak:

Saka er tatt til etterretning.

020/21 Innspel til økonomiplanperioden 2022 - 2025.

Forslag til vedtak:

Bryne sokneråd sender inn innspel til økonomiplanperioden 2022-2025 frå Bryne sokn til Time kyrkjelege fellesråd innan fristen som er 23. april 2021.

22.04.2021 Bryne sokneråd

BSR - 020/21 Vedtak:

Innspel til økonomiplan 2022-2025 frå Bryne sokn:

Digitalisering av orgel i Bryne kyrkje.

Barne-og ungdomsdiakon finansiert av bispedømme med 30% st. og pr.d.d. finansiert av Heimly fondet med 20% st. Soknerådet ser behov for å auka denne stillinga med 25%.

Lyssetting tårnet i Bryne kyrkje.

021/21 Lokal ordning for hovudgudsteneste Bryne sokn.

Forslag til vedtak:

Bryne sokneråd vedtek revidert lokal grunnordning for gudsteneste i form av strategidokumentet: «Fleire – saman. Gudstenesteliv i Brynekyrkja. Lokal grunnordning og visjonsdokument 2020-2023.»

Vedtaket blir sendt om prosten i Jæren til Stavanger biskop.

22.04.2021 Bryne sokneråd

BSR - 021/21 Vedtak:

Lokal grunnordning for hovudgudsteneste i Bryne sokn

Bryne kyrkjelyd har fulgt framdriftsplanen for å innføra justert hovudgudsteneste og gjera vedtak om lokal grunnordning for hovudgudsteneste.

Framdriftsplanen går fram av prosessdokumentet «*Fleire saman – Gudstenesteliv i Brynekyrkja*». Dette vart sendt inn i 02.11.2020 og godkjent av biskopen.

Bryne kyrkjelyd har innført og teke i bruk «*Hovudgudsteneste i Den norske kyrkje*» frå 29.11.2020. Utprøving av musikk og kyrkjelyden sitt årsmøte i mars 2021 gjensto før Bryne sokneråd gjorde endeleg vedtak om lokal grunnordning i møte 22.04.2021.

Sokneråd og gudstenestemedarbeidarar har mest nytte av å bruka vårt eige «visjonsdokument for gudstenesteliv», både i presentasjon, praktisk arbeid og som oversikt over lokal grunnordning.

Bryne kyrkjelyd ønskjer å feira gudsteneste slik vi gjer det i Den norske kyrkje og med lokal forankring prega av kultur, ressursar og strategi der vi bur. Vi tenkjer at vår lokale grunnordning er godt innanfor Kyrkjemøtet sitt vedtak.

Vi orienterar biskopen om 3 særlege lokale valg som er viktige i vår gudstenesteglede, og som frå vår side ikkje treng å bli rekna som ein søknad.

1. 2-4 gonger i året feirar vi den ikkje-forordna «Sprell levande»-gudstenesta «Familiefokus» som hovudgudsteneste. Dette har både praktiske bemanningsmessige sider og er eit strategisk val om å knytta saman gudstenestetypar og gudstenesteforsamlingar.
2. Kyrkjelydssamlinga om liturgisk musikk 21.10.20 og årsmøtet 15.03.21 viste at kyrkjelyden er svært glad i Henning Sommerro sin Sanctus, som var alternativ då biskopen bad Bryne om å vera prøvekyrkjelyd i 2011. Denne Sanctusmusikken gjev eit stort musikalsk løft inn i nattverdfeiringa, og bruken er applaudert av Sommerro. Vi held fram med denne.
3. Vi har lagt opp til noko meir fleksibel praksis ved ledd 12 Evangelium. Vi har intensjon om å prøva ut bruk av Halleluja-omkvad, men vil bruka tid og god lytteevne.

Både dette og hovudtrekka i lokal grunnordning og ny liturgisk musikk vart presentert for kyrkjelyden sitt årsmøte, som slutta seg til denne uttalen:

Bryne kyrkjelyd på årsmøte 21.03.2021 støttar innføring av Ordning for hovudgudsteneste 2020. Årsmøtet støttar hovudtrekka i lokal grunnordning for hovudgudsteneste i Bryne kyrkjelyd, slik det går fram i gudstenesteutvalget sitt forslag og Bryne sokneråd si innstilling.

Bryne sokneråd vedtek revidert lokal grunnordning for gudsteneste i form av strategidokumentet: «Fleire – saman. Gudstenesteliv i Brynekyrkja. Lokal grunnordning og visjonsdokument 2020-2023.»
Vedtaket blir sendt om prosten i Jæren til Stavanger biskop.

Ola Undheim
Leiar

Elisabeth S. Obrestad
Administrasjonsleiar